

NYNORSKE DIGITALE RESSURSR:

Born må møte målforma si
også i den digitale verda. **S. 3**

– VURDERING I SKULEN skal
vere rettferdig, seier professor
Siv Måseidvåg Gamlem. **S. 4**

PROGRAMSKAPAR EVA WESTVIK

vil styrke sjølvkjensla til born
gjennom seriar i barne-tv. **S. 6**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 33 | HAUSTEN 2019 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Likt og ulikt i LK20

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

NESTE HAUST skal nye fagplanar takast i bruk på alle klassetrinn i grunnutdanninga. Siste høyringsrunde for utkasta vart avslutta i juni, og Kunnskapsdepartementet arbeider no med det som skal bli dei endelege versjonane. Den nye planen har kode-namnet LK20 og kjem truleg i november. Vi er spente, både på korleis planane med tilhøyrande retningslinjer faktisk blir, og korleis alt det nye viser att i skulekvardagen.

Nynorsksenteret har følgd fagfornyninga tett heilt frå byrjinga for fire–fem år sidan. Vi har vore på mange møte i Utdanningsdirektoratet og levert høyringssvar i mange rundar.

Vi ser spor av innspela frå oss og dei andre nynorskmiljøa nokre stader, til dømes i formuleringane om tidleg start, verdien av norskspåkleg mangfald og at ein har valt presiseringa «nynorsk og bokmål» i staden for fellesnemninga «norsk» nokre stader i teksten.

Andre merknader har ikkje blitt tatt til fylgje – i alle fall ikkje så langt. Det gjeld mellom anna påpeikinga av at føresetnadene for hovudmåls- og sidemålsopplæringa er svært ulike for nynorsk- og bokmåselevane.

Nynorsk og bokmål er formelt likestilte skriftspråk i Noreg, og prinsippet om felles læreplanar med felles kompetansemål for alle elevar, uansett opplæringsspråk, er ei naturleg fylgje av det. På den andre sida fører den reelle ulikskapen mellom bruk og utbreiing av dei to språka til at både hovudmåls- og sidemålsundervisinga må bli ulik for nynorsk- og bokmåselevane.

I høyringsuttalen frå juni i år skriv vi dette:

Sjølv om nynorskelevar og bokmåselevar får opplæring etter same læreplan, er vilkåra for dei

to elevgruppene ulike for å bli trygge brukarar av eige språk. [...] Dette krev tilpassa og ulik språk-opplæring for dei to elevgruppene. Det må vise att i læreplanen.

Det står att å sjå om dette opplagde poenget kjem inn i den endelege versjonen. Og i så fall – korleis.

Ei enkel løysing på denne problemstillinga finst neppe. Vårt beste råd er å oppmode lærarane om å ta dei ambisiøse formuleringane i kompetansemåla i LK20 på alvor og satse på systematisk og moderne opplæring i begge skriftspråka heilt frå småskulen. Gjerne med støtte i Nynorsksenteret sine gode læringsressursar for alle målgrupper.

Deltaking på Nynorskkonferansen 2019 på Hamar i november kan også tilrådest.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 33, 13. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Aud Søyland og Arild Torvund Olsen

SKRIFTER: Comic strip (Phil Elliott), Auto og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDE: Victoria H. Hamre

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

Born som skal bli gode til å lese og skrive på nynorsk, må møte målforma si også i den digitale verda.

Nynorske digitale ressursar

TEKST: **Anne Marta V. Vadstein** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



nynorsksenteret.no/barneskule/digitale-ressursar

MERKSEMDA KRING nynorske digitale ressursar veks etter kvart som fleire nyttar læringsbrett og ulike former for datamaskiner i undervisinga og til leksene. Det er svært mange appar og digitale verktøy på marknaden, men berre eit fåtal er på nynorsk. Nynorsksenteret presenterer nynorske appar på denne sida:

nynorsksenteret.no/barneskule/digitale-ressursar

Lista vert oppdatert jamleg, og vi tek svært gjerne imot innspel og tips. I tillegg vil vi utvide samlesida med metodiske opplegg for korleis ein

kan bruke ulike produksjonsverktøy og støtte lese- og skriveopplæringa på nynorsk. Vi ønskjer også å presentere ressursar knytte til nynorske digitale læremiddel frå forlag.

Nynorsksenteret og andre miljø ved Høgskulen i Volda samarbeider om å kartlegge bruken av digitale ressursar for grunnskulen, i forskingsprosjektet DigiGLU. Fagmiljøet samarbeider også med andre instansar på nasjonalt nivå for betre ordlister, talesyntesar og digitalt tilfang for nynorskelevar. ■

Innhald

Likt og ulikt i LK20 av Torgeir Dimmen	S. 2
Nynorske digitale ressursar av Anne Marta Vinsrygg Vadstein	S. 3
– Vurdering skal vere rettferdig av Ingvild Myklebust Hovden	S. 4
Syner fram språkmangfaldet av Ingvild Myklebust Hovden	S. 6
Den nynorske draumelæraren av Gunnhild Skjold	S. 8
Fleirspråklege forteljingar av Guro Kristin Gjøsdaal	S. 10
Lærte nynorsk på rekordtid av Anna Kirsten Aaland Hellevang	S. 12
– Snakk, skriv og leik av Anna Kirsten Aaland Hellevang	S. 14
Nynorsk på 1-2-3 av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen	S. 16

Professor Siv Måseidvåg Gamlem skal delta på den nasjonale fagkonferansen som Nynorsksenteret arrangerer 19.–20. november på Hamar.

– Vurdering skal vere rettferdig

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden**



– Eit dilemma kan vere at læraren opplever at den same vurderingsinformasjonen vert gitt til elevar fleire gonger, og at elevane ser ut til å ikkje bruke informasjonen.

GAMLEM JOBBAR VED institutt for pedagogikk ved Høgskulen i Volda. Ho har lang erfaring med vurdering, tilbakemelding og læringsprosessar og har vore ein støtteperson for Utdanningsdirektoratet i arbeidet med vurdering heilt sidan 2007. No er ho medlem i ei ekspertgruppe som skal evaluere eksamensordninga i samband med fagfornyninga.

– Vi har lagt stor vekt på at eksamensordningane skal opplevast som rettferdige, seier Gamlem.

Eksamensgruppa skal levere tre rapportar til Utdanningsdirektoratet, der den siste er slutt-rapporten som skal leverast i januar 2020. Dei har også gitt råd til læreplangruppene i arbeidet med eksamensordningane for dei ulike faga.

Norskfaget i fagfornyninga

Norskfaget i fagfornyninga skal stå i fokus på Hamar. Gamlem ønskjer å ta opp spørsmål om vurdering som er aktuelle for lærarar:

– Kva kjenneteiknar vurdering som støtte for læring? Kvifor skal ein involvere elevar i vurderingsarbeid – og korleis kan ein gjere dette?

Tilbakemelding er sentralt i norskfaget, men kva inneheld tilbakemeldingane – og korleis vert dei brukte?

– Eit dilemma kan vere at læraren opplever at den same vurderingsinformasjonen vert gitt til elevar fleire gonger, og at elevane ser ut til å ikkje bruke informasjonen. Kva er dette eit uttrykk for – og kva kan læraren gjere for å bruke

denne informasjonen til å justere undervisninga til betre læring for elevane?

Gamlem fortel at vurderingsarbeid handlar mykje om å tenkje på prosess, strategibruken til elevane og emosjonell og fagleg støtte.

Faglege tilbakemeldingar

Elevar ønskjer meir tilbakemeldingar i klasserommet, og kvaliteten på den faglege dialogen mellom lærar og elev kan utviklast. Det viste forskinga til Gamlem, som tok doktorgraden i utdanningsvitenskap ved Universitetet i Stavanger i 2014. Gamlem framhevar at tilbakemeldingar i skulen ikkje er tente med å vektlegge rangerande informasjon. Det bør vere informasjon som stadfestar kvalitet ved det eleven gjer, og som viser veg for vidare læring.

– Alle elevar i skulen meistrar noko – men på ulike område og på ulikt nivå. Alle elevar kan utvikle seg, og arbeidet i skulen handlar om å støtte elevar til betre læring, forståing og meistring, fortel ho.

Vurdering for læring-satsinga som byrja i 2010, har involvert både grunnskule- og vidaregåande trinn, og vart avslutta i 2018. Denne satsinga

handla nettopp om korleis arbeid med vurdering kan fremme læring – og her har mange skular gjort ein stor jobb med å utvikle vurderingspraksis og vurderingskulturen på skulen.

Internasjonalt samarbeid

I fjor vart det oppretta eit internasjonalt nettverkssamarbeid der 14 land er med.

– I nettverket diskuterer vi utfordringar og moglegheiter med vurdering. Vi ser på korleis vurdering kan vere med på å styrke læring og gi utgangspunkt for opptak til vidaregåande- og høgare utdanning, men også korleis bruk av vurdering kan utvikle undervisningskvalitet, fortel Gamlem.

Fleire av problemstillingane går igjen på tvers av landegrensene. Deltakarane i nettverket diskuterer mellom anna forståinga av konseptet «vurdering», og dei ser på samanhengane mellom undervegsvurdering, sluttvurdering og eksamen.

– I Noreg har mange lærarar utvikla god kompetanse på arbeid med undervegsvurdering, men har vi vore like gode på å utvikle elevane sin vurderingskompetanse, og kva tenker vi om eksamen? spør ho. ■

Program og påmelding til Nynorskkonferansen på Hamar:
nynorsksenteret.no/konferanse2019

Påmeldingsfrist: 15. oktober

Eva Westvik har vore med på å skape barne-TV på nynorsk. Ho vil styrke sjølvkjensla til barn gjennom seriar på NRK Super.

Syner fram språkmangfaldet

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Arne Stubhaug**, NRK



– Eg håper og trur at barn som har vakse opp med desse seriane, har fått kjenne på at språket og kvardagen deira har status nok til å vise igjen i barne-TV.

– **EG HÅPER** og trur at barn som har vakse opp med desse seriane, har fått kjenne på at språket og kvardagen deira har status nok til å vise igjen i barne-TV. Det trur eg gjer noko med sjølvkjensla til barna, seier Eva Westvik.

No jobbar ho ved institutt for film og animasjon ved Høgskulen i Volda. Bak seg har ho over 25 års erfaring frå NRK, først som nyheitsjournalist og deretter som programskapar i barne-TV. I 2004 tok ho tak i prosjektet *Her er eg*, som vart ein banebrytande dokumentarserie for barn. Sjøartala var gode, og etterspurnaden etter barne-TV i denne sjangeren auka.

– Tanken bak er at det skal vere gode og universelle historier. Du skal kunne kjenne deg igjen, uansett kvar du bur, seier Westvik.

Seinare har ho vore med på å utvikle *Klart eg kan*, *Marit og dyra* og *Bli med heim*. Felles for alle desse seriane er at dei bevisst har valt å bruke barn med nynorsknære dialekter. Målgruppa for desse programma er barn i alderen 3–6 år, men i praksis er det både yngre og eldre barn som ser på desse seriane.

Dialekt og normert nynorsk

Seriane er spelte inn i eit område som strekkjer seg frå Sør-Rogaland til Nordmøre.

– Eg har vore oppteken av å finne barn som har noko på hjartet, og som meiner noko om eit tema, seier Eva Westvik.

Barna er hovudpersonane i seriane, og dei snakkar ulike dialekter. Dei to døtrene til Eva Westvik står for forteljarstemmene i fleire av seriane.

– Eg har valt å ha forteljarstemme på normert nynorsk. Det har eg møtt noko motstand på innimellom, men eg har forsvart det og kjempa for det, fortel Westvik.

– *Kvifor det?*

– Eg tok det valet fordi det er ei sjeldan moglegheit til å få eksponert dei minste for normert nynorsk, og eg ser ikkje argumenta imot. Barna får begge delar, forteljarstemmen er normert, og alt det andre er på nynorsknære dialekter. Eg synest det har vorte ein veldig naturleg samanheng i det, seier ho.

Før og no

Eva Westvik vaks opp i ei tid der det aller meste av barne-TV var på bokmål. No er situasjonen annleis, og det betyr mykje for dei som veks opp i nynorskområde.

– Sjølv vaks eg opp med ein følelse av at det liksom ikkje var fint nok, slik som eg snakka. Eg hugsar korleis det var å kome til Oslo som student på journalisthøgskulen i 1991. Eg var 21 år, men hadde likevel ein følelse av å vere litt feil då, seier Westvik.

Det var enklare då ho byrja i NRK i 1993.

– Der var det godteke at eg jobba med nynorsk, og det var litt som å kome heim, seier Westvik.

I andre sosiale samanhengar kunne ho få spørsmål som: «Snakker ikke du veldig dialekt?»

– Det var ei blanding av sårande, irriterande og overraskande at høgt utdanna folk kunne stille slike spørsmål, synest ho. Dette har vore

ein sterk motivasjon når ho har jobba med språk i barne-TV.

– Eg har halde på med dette ikkje minst fordi eg vil at barn som veks opp no, skal sleppe denne typen spørsmål.

– *Trur du det er annleis no?*

– Eg høyrer at mine barn framleis kan få slike kommentarar når dei er på ferie. Men det viktigaste er at dei som har nynorsk som språk, skal kjenne at dei er ein av fleire, og at språket deira blir brukt i populære barne-TV-seriar som mange over heile landet likar. NRK Super har blitt veldig mykje flinkare. No blir barn over heile Noreg eksponerte for mange ulike dialekter, seier Eva Westvik. ■



Frå innspelinga av serien *Marit og dyra*.

Korleis arbeida med nynorsk i lærarutdanningane?

Den nynorske draumelæraren

TEKST: **Gunnhild Skjold**, Norsk Målungdom FOTO: **Anna Sofie Ekeland Valvatne**



NORSK MÅLUNGDOM HAR EIN DRAUM om at lærarar i framtida skal kunna bruka nynorsk. For oss er det viktig at elevane møter ein lærar som kan nynorsk, anten dei skal lære nynorsk som hovudmål eller sidemål, og at læraren har den kompetansen dei treng. I dag er lærarstudentane nemleg i stor grad avhengige av at dei møter ein lærarutdannar som brenn for nynorsk, for at dei skal få kompetansen dei treng. Det er rett og slett ikkje godt nok, og me treng ei lærarutdanning som tek nynorsk og språkrettane til elevane i den norske skulen på alvor.

Mange lærarutdanningar ventar at studentane meistarar begge skriftspråka når dei går ut frå vidaregåande, sjølv om me veit at dette ofte ikkje stemmer. Når lærarstudentane ikkje får opplæring i sidemålet sitt, fører det til at ikkje alle kan nynorsk godt nok. Alle lærarar skal bruka språk i møte med elevane sine, og då må dei kunna nynorsk for å gjera jobben sin godt nok om dei skal undervisa ein nynorskelev. Dette er naudsynt for at dei to skriftspråka våre skal vera jamstilte i røynda, og ikkje berre på papiret.

Om framtidige lærarar ikkje meistarar nynorsk, kan dette påverka den generelle haldninga til språket. Å undervisa i eit språk ein ikkje er trygg på, kan bidra til negative haldningar som òg kan smitta frå lærar til elev. Elevar med nynorsk som hovudmål treng lærarar med høg kompetanse i og engasjement for nynorsk. Det same treng elevane som lærer nynorsk som sidemål.

Difor må politikarar og høgare utdanningsinstitusjonar setja nynorsk på agendaen, slik at ei endring kan skje. Framtidige lærarar må få den undervisinga dei treng for å meistra både nynorsk og bokmål. Det vil gjera det lettare å vera nynorskelev i den norske skulen, og bidra til å styrkja nynorsk som sidemål.

Målet vårt er at framtidige lærarar i barnehage og skule skal ha hjarte for nynorsk. Då vert spørsmåla: Kva er stoda i dag? Korleis kjem me dit? Difor har me gjeve ut heftet *Den nynorske draumelæraren* saman med Pedagogstudentene i Utdanningsforbundet, som skal samla trådane og gjera det lettare å gjera endringane som trengst. Heftet samlar kjelder og kunnskapsgrunnlag og framlegg til tiltak. Me meiner at den nynorske draumelæraren har mykje kunnskap om desse punkta:

- nynorskdidaktikk
- dei språklege rettane til elevane
- nynorsk rettskriving
- norsk språkhistorie og den norske språkstoda i dag
- fagterminologi på nynorsk

Då må lærarutdanningane gje nynorskkurs på ein måte som gjev langsiktig læring, og studentane må få bruka nynorsken nok til at dei blir trygge i språket. Ei mogleg løysing kan vera ein mappeeksamen slik som på OsloMet, eller eit profesjonsskrivingsemne slik som på Høgskulen i Volda. Lærarane må også kunna dokumentera nynorskkompetansen sin.

I tillegg må norsklærarstudentane få opplæring i nynorskdidaktikk, og alle lærarstudentar må ha kunnskap om dei språklege rettane til elevane og barnehageungane dei har ansvar for. Grunnskulelærarar og lektorar med andre fag enn norsk må lære den nynorske fagterminologien i faga sine. Desse tiltaka må på plass for å sikra elevane den undervisinga dei har krav på. Me og lokallaga våre skal gjera vårt, men fleire må med for at me skal få til ein skilnad. Om utdanningsinstitusjonane og politikarane blir med på laget, kan me sikra at lærarane i framtida vert nynorske draumelærarar. ■

Målet vårt er at framtidige lærarar i barnehage og skule skal ha hjarte for nynorsk. Då vert spørsmåla: Kva er stoda i dag? Korleis kjem me dit?

Parallell historieforteljing på norsk og eitt eller fleire andre språk er eit spanande felt innanfor forteljarkunsten. Bli med til *Fortellerhuset* i Oslo og den trespråklege framsyninga *Kampen om ordet*.

Fleirspråklege forteljingar

TEKST: **Guro Kristin Gjøsdal** FOTO: **Elin Osjord**, Fortellerhuset



Fleirspråklege forteljingar er ein ny måte å bli kjent med eige og andre sine språk på. Ein lærer ord og uttrykk frå andre språk og kulturar, samstundes som ein vert kjent med melodi, språklydar, formuleringar og uttrykksmåtar i språket.

FORTELJINGANE har i alle tider vandra over landegrenser lettare enn menneske. Dei ber med seg tankar, haldningar og røynsler. Når vi ser nærmare på desse forteljingane, ser vi at mange er lette å kjenne att, og at det er liknande forteljingar i all kulturarv.

Kampen om ordet er ei forteljarframsyning for heile familien der nynorsk, samisk og persisk språk, musikk og dans møtest. Innhaldet er basert på ei forteljing av den muslimske mystikaren og poeten Rumi.

I versjonen til Fortellerhuset er tigarane erstatta med ei gruppe gatemusikantar og trubadurar som møtest på eit torg: ei gruppe norske folkemusikarar og dansarar, ei gruppe iranske musikarar og ein samisk joikar. Dei kan ikkje språket, musikken eller dansen til kvarandre, men dei har éin felles pengehatt. For pengane dei får, kjøper dei mat og deler med kvarandre. Ein dag får dei berre éin mynt i hatten, og med den mynten får dei berre råd til å kjøpe ein type frukt. Kva skal dei kjøpe, kven skal bestemme, og korleis skal dei snakke saman når dei ikkje kan språket til kvarandre?

Gjendikting til nynorsk

Forteljar og dansar Mehda Zolfaqari hadde ideen til stykket. Ho opplever både persisk og nynorsk

som poetiske språk. Zolfaqari fortel at i gjendikting av persiske forteljingar føretrekker ho å nytte nynorsk fordi det fungerer godt gjennom dei korte og konsise orda. Til arbeidet sitt har ho mellom anna funne inspirasjon frå Johannes Gjerdåker, ein av dei fremste gjendiktarane i Noreg.

Musikken i nynorsken

Forteljar og folkedansar Sondre D. Mæland tykkjer nynorsk er eit godt språk å bruke til å snakke om kjensler. Han liker takten og musikken som ligg i nynorsken. Han tykkjer det er lett å uttrykkje seg på nynorsk, med melankoli, temperament, humor og glede.

Mæland har dialekt frå Øystese i Hardanger. Dialekta ligg nær opp til det nynorske skriftspråket. Som skodespelar har han ikkje arbeid bevist med nynorsk som språk før no, og det var ein prosess å finne stemma og rollefiguren i forteljinga. I arbeidet lét Mæland seg inspirere av skodespelar og sambygding Frank Kjosås. I folkedansen i stykket nyttar han særtrekk frå folkedans frå heimstaden sin.

– Det opplevdest som Vestlandet flytta inn i meg att, seier han. Og slik vaks kroppsspråket til rollefiguren fram.

– Å nytte nynorsk i formidlinga har gjeve meg ein tydeleg identitet i rolleskikkelsen. Det byggjer på historie som gjev tyngde og mening for meg, avsluttar Mæland.

Forteljar og joikar Viktor Bomstad seier at det å arbeide med samisk språk i samspel med nynorsk og persisk var gjevande. Han seier at språka er ulike, men han opplever at dei kling godt saman. Han tykte det var spanande å sjå og høyre korleis dei same orda og setningane vart uttrykte på dei ulike språka.

– Den store utfordringa var å finne formuleringar som var meningsberande på sitt eige språk, og samstundes opne for at alle språka skulle få likevekt i framsyninga, fortel Bomstad.


Fleirspråklege forteljingar er ein ny måte å bli kjent med eige og andre sine språk på. Ein lærer ord og uttrykk frå andre språk og kulturar, samstundes som ein vert kjent med melodi, språklydar, formuleringar og uttrykksmåtar i språket. Skodespelarane erfarer også at det opnar for samtaler om språk og korleis ein uttrykkjer seg i ulike kulturar.

Kampen om ordet er ei framsyninga av og med Fortellerhuset. For meir informasjon og film sjå *fortellerhuset.no*. ■

FLYKTNING FRÅ SYRIA: Naram Samman (19) frå Syria kom til Noreg for tre og eit halvt år sidan og har lært seg nynorsk på rekordtid.

Lærte nynorsk på rekordtid

TEKST: *Anna Kirsten Aaland Hellevang* FOTO: *Anna Kirsten Aaland Hellevang*



– **MOTIVASJON FOR Å LÆRE** dreiv meg, fortel ho. Naram følgde undervisning i vanlege norske skuleklassar med nynorsk som hovudmål, og ho kvalifiserte seg til vidaregåande utdanning på halvtanna år.

I februar 2016 kom Naram til Noreg saman med far og to yngre søsken. Etter åtte månadar møtte ho igjen mor si, som hadde flykta til Noreg året før. Familien bur i Stryn i Sogn og Fjordane. På slutten av skuleåret fekk ho gå rett inn i 9. klasse på Stryn ungdomsskule. Året etter gjennomførte ho heile 10. klasse ved same skule. Lærarane fortalde kor vanskeleg det var å gå på vidaregåande utdanning, og kor godt ho måtte kunne norsk. Naram var veldig bestemt på at ho skulle ta ei utdanning så fort som mogleg. Ho jobba med å lære seg norsk, og ho lærte nynorsk. Ho klarte å kome inn på vidaregåande utdanning direkte frå ungdomsskulen. Naram pendla til Eid vgs. der ho gjekk vg1 yrkesfag på design og handverk. Året etter fullførte ho vg2 YF utstillingsdesign.

Utrygt å gå på skule i Syria

Då krigen kom til Syria, vart det utrygt for Naram og søskena hennar å gå på skule. Dei måtte halde seg heime, elles kunne det skje noko med dei på skulevegen, som at dei vart kidnappa eller vart skada.

– Det var utrygt, fortel Naram.

Glad for at ho lærte nynorsk

– Mange sa til meg at når du lærer nynorsk, klarer du ikkje å forstå bokmål. Eg har lært nynorsk, og eg kan forstå bokmål, smiler Naram. Ho ramsar opp nokre døme som: ikkje – ikke, tenkjer – tenker og leige – leie.

– For meg var det rett å lære nynorsk. Eg er glad for det, seier Naram. Ho seier det var veldig

kjekt å lære nynorsk. Ho har hatt nokre lærarar som snakkar bokmålsnær dialekt, men det har gått bra. Ho har forstått likevel.

– *Korleis lærer du nynorsk best?*

– Ved å snakke med folk. Vi har språkkafé annankvar torsdag i Stryn. Der kom mange gamle folk som snakka dialekt. Nynorsk ligg nær dialekta, og det er kjekt å vere sosial, smiler ho.

– *Kvifor var det viktig å lære nynorsk?*

– Det er viktig fordi ein då kan bli kjend med folk. I Stryn likar dei å snakke med deg når du kan dialekt, fortel Naram. Ho seier at folk blir så begeistra.

Som ein leik

Naram meiner at lærarane kan gjere nynorskundervisninga interessant med quiz eller kahoot.

– Ein kan ha quiz, til dømes, for å lære forskjellar mellom ord på bokmål og nynorsk. Å spele spel som viser forskjellar mellom bokmål og nynorsk går òg an. Det blir som ein leik, foreslår ho.

Naram meiner at lærarane kan lette norskundervisninga med å snakke sakte i timane, slik at utanlandske elevar lettare får med seg det som blir sagt. Dersom ein lærar har ein utanlandsk elev i ei klasse, synest Naram det er viktig at læraren tek seg tid til å prate med denne eleven. Ho fortel at ho har vore heldig med alle kontaktlærarane sine, som har snakka mykje med henne på norsk, og dei har diskutert med henne.

– Alle kontaktlærarane, og spesielt Sigrun Hegggen Leivdal, vil eg gje ein stor klem. Ho er veldig flink, smiler Naram.

På reis

På interiør- og utstillingsdesign fekk Naram i oppdrag å skrive om mor si flukt frå Syria til Noreg. Mor hennar har same etternamn som

ein terrorist. Ho hadde ingen kjennskap til terroristen, men det trudde ikkje diktaturet i Syria på. Difor måtte ho flykte. Historia vart presentert som del av utstillinga «På reis» i fjor haust. Opningsdagen kom mykje publikum til Nordfjord Folkemuseum på Sandane i Sogn og Fjordane. Naram skulle ha ein munnleg presentasjon, og ho var spent på om ho snakka godt nok norsk:

– Eg fortalde om mor mi og korleis ho kom hit. Det er veldig sterkt å snakke om ting som er vondt. Eg trudde eg snakka feil, men elevane sa at det var bra – «du kan det», sa dei.

Ho følte ho var ein anonym person då ho kom til Noreg: – No plutseleg er eg ein person som har ei stemme, smiler Naram.

Ho håpar at ho kan få seg ein jobb der ho kan hjelpe folk til å ha det bra.

– Eg vil bli advokat, eller kanskje dommar, smiler ho. ■

Fakta

Naram Samman

- er 19 år
- kjem frå Homs i Syria
- er muslim
- kom til Noreg i 2016
- har familie som no bur i Stryn
- flytta på hybel i Volda frå hausten 2019
- er elev på påbygg ved Ulstein vgs.
- har gått 10. klasse ved Stryn ungdomsskule, deretter design og handverk, vg1 YF, og utstillingsdesign, vg2 YF, på Eid vgs.

TRE LÆRARTIPS: Munnleg samtale, skriftlege innleveringar og leik er nokre av undervisningsmetodane Sigrun Heggen Leivdal brukar når ho underviser utanlandske elevar i nynorsk.

– Snakk, skriv og leik

TEKST: *Anna Kirsten Aaland Hellevang* FOTO: *Anna Kirsten Aaland Hellevang*



SIGRUN HEGGEN LEIVDAL frå Nordfjordeid er kontaktlærer på vg2 utstillingsdesign, og ho er oppteken av at elevane lærer nynorsk ikkje berre i norskfaget, men i alle fag, også yrkesfag.

– Ja, eg tykkjer det er viktig at elevane lærer å snakke nynorsk, som ligg nærast den dialekta dei møter kring seg her i Nordfjord, seier ho.

– *Har du tre gode tips til lærarar som får utanlandske elevar i klassa?*

– Vi har dei siste åra brukt tid på å lese fagtekstar og gå igjennom omgrep og fagord etterpå. Dette er korte tekstar og artiklar henta frå nettet, aviser og liknande, og som er aktuelle, fortel Leivdal.

Ho seier at når dei går igjennom tekstane, ser dei når noko er uklart, eller om det er noko elevane har forstått på ulike måtar. Ho meiner at elevane gjennom slik diskusjon lærer språket betre.

Viktig å øve skriftleg

– Å lære norsk er ein laaaang veg å gå for veldig mange elevar, presiserer Sigrun.

Ho understrekar at det tek lengre tid å lære det skriftlege språket og raskare å lære det munnleg.

Kontaktlæraren meiner det er viktig at elevane jobbar grundig med skriftlege innleveringar, og at dei får moglegheit til å arbeide med fleire utkast.

– Det kan vere eit tips å ha førsteutkast, der dei får tilbakemelding og litt retting på det dei bør arbeide med, fortel ho.

Sigrun Heggen Leivdal fortel at elevane kan levere både første- og andreutkast før dei leverer inn det endelege svaret på oppgåva.

– Dette brukar eg å gje som tilbod til elevane. Nokre nyttar seg av det, andre ikkje, smiler ho.

Lære gjennom leik

Å gjere nynorsk morosamt med leikar er også noko som Leivdal har prøvd ut. Eitt døme er at elevane får trekkje eit fagord, og så må dei skrive eller seie kva det tyder.

– Her kan ein variere på mange måtar for å gjere det både lærerikt og kjekt for alle elevane i gruppa, fortel læraren. ■




VIL DU ARBEIDE MED
NYNORSKE TEIKNESERIER I
KLASSEROMMET? NYNORSKSENTERET
KAN TILBY BILLEGE KLASSESETT
AV ANTOLOGIEN **Bobler**
frå **djupe**

I TILKNYTING TIL ANTOLOGIEN
HAR ME LAGA FLEIRE ULIKE
UNDERVISINGSOPPLEGG.

NYNORSKSENTERET.NO/BOBLER

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Teikna av Kristoffer S. Mathisen

Det er skilnad på galt og gale. Går det galt i klasserommet, bør du få bonden til å koma og henta dei før det går gale.
Nynorsk på 1-2-3 er eit nynorsk kurs i teikneserieform. På www.nynorsksenteret.no kan du tinga gratis klassesett.